



AV TUVA BJØRKVOLD, FORFATTAR, RESSURSLÆRAR
FOR NYSGJERRIGPER OG HØGSKOLELEKTOR I
NORSK VED HØGSKOLEN I OSLO

Kvifor Lesekrok i Nysgjerrigper?

Lesing er ei av fem grunnleggjande ferdigheiter som er innførte med Kunnskapsløftet. Lesing er ikkje lenger noko som berre er norsklæraren sitt ansvar. No er alle lærarar leselestrarar. Men kva betyr det eigentleg i praksis? Korleis kan ein jobbe med lesing i alle fag?

Det viktigaste elevane kan lære, er at dei ikkje alltid skal lese på same måten. Å leite etter fakta i ein tekst krev ei anna form for lesing enn det å lese for underhaldninga si skuld. Derfor må elevane få eit verktoy til å lese på ein formålstenleg måte, og få med seg det dei les.

Med Lesekroken vil Nysgjerrigper gi tips til korleis tekstane i Nysgjerrigper-bladet kan brukast til å auke lesekompetansen hos elevane. Til kvart blad får du ei ny utgåve av Lesekroken med utgangspunkt i ein av artiklane i bladet.

Lesekroken består av tre typar oppgåver. Den eine går på ein lesestrategi, den andre går på å lese mellom linjene (detektivlesing). I tillegg blir det ei oppgåve som tek i bruk andre innfallsvinklar. Kvar gong blir det ei kort teoretisk tilnærming til kvifor oppgåvene er laga som dei er.



FOTO: SHUTTERSTOCK

Søkelesing

Søkelesing vil seie å lese for å finne faktaopplysningar. Det kan for eksempel vere å finne definisjonar, årstal eller namn. Når elevane les, skal blikket gli raskt over sida på jakt etter akkurat det ordet eller det talet dei leiter etter. Det er ikkje meininga å lese alt og få med seg argumentasjonen, berre å hente ut konkrete opplysningar. Søkelesing skal derfor gå fort. Ein les nærast med tunnelsyn, der alt anna enn det ein leiter etter, er uinteressant.

Ein god lesar er ein som tilpassar lesinga til formålet. Elevane må derfor trenast i å kunne lese på forskjellige måtar. Når hensikta er å plukke ut faktaopplysningar frå ein tekst, er det bortkasta krefter å lese alt nøye. Om ein derimot skal få med seg eit resonnement, må ein lese langsamt og tenkje over det som står der. Det kan derfor vere lurt å tenkje seg litt om når ein møter ein tekst: Kvifor skal eg lese denne teksten? Skal eg forstå eit poeng eller berre hente ut ein definisjon? Er det for å finne fakta, eignar søkelesing seg best.

For å trene på søkelesing kan elevane gjerne konkurrere med seg sjølve. Kor fort klarer dei å finne faktainformasjonen i teksten? Gi elevane i oppdrag å definere for eksempel ordet *antozoologi*. Be dei sjå raskt over teksten, og setje fingeren på staden i teksten som er aktuell. Då kan læraren også enkelt sjå om dei har funne ordet. Vidare kan dei streke under eller skrive opp definisjonen av ordet. Jobb vidare på same måte med dei andre orda. Klarer dei å finne orda raskare etter kvart?



Om Nysgjerrigper

Nysgjerrigper er Forskringsrådet sitt tiltak for elevar og lærarar i barneskulen. Hovudmålet er å oppmuntre barn og unge til å ta vare på og dyrke nysgjerrigheita, forskartrongen og fantasien sin. Nysgjerrigper vil auke interessa for forskning og vitenskap – og håper fleire unge menneske vel forskning som karriereveg.

I tillegg til eit eige vitenskapsmagasin inkluderer tiltaket nettstad og ulike lærartilbod – blant anna rettleiing i korleis barn kan arbeide med eit forskingsprosjekt.

Les meir om tilboda og aktivitetane i tiltaket på nysgjerrigper.no





Ljugegjetting

1.

Jobb saman i par.

1.

Sjå på overskrifta «Dyr som medisin». Lag ei ljugehistorie om kva du trur det står i artikkelen. Fortel til ein annan.

Eksempel:

Når eg har vondt i halsen, pleier eg å ete eit par sjiraffar til frukost. Det er fordi sjiraffar har så sunne halsar. Når eg får i meg noko så sunt, blir eg frisk med ein gong. Det einaste dumme er at halsen min veks litt for kvar sjiraff og et.

2.

Kva trur du egentleg artikkelen handlar om? Fortel til ein annan.

2.

Søkelesing

Finn forklaringane på orda under. Søkeles etter orda, det betyr at du skal sjå raskt over sida og berre leite etter svaret. Skriv opp kva orda betyr.

1. antrozoologi
2. dyreassistert terapi
3. lesehund
4. psykolog

3.

Detektivlesing

1. Korleis kan ein hund føre til at barn blir flinkare til å lese?
2. Kva for helsebringande husdyr finn du i teksten, men ikkje på bileta?
3. Kvifor kan det vere lurt å kose med eit dyr om ein skal snakke om noko vanskeleg?

